

114567

Lørdag morgen **Aftenposten** 23. januar 1971

Krig og okkupasjon 1940

Tre artikler av professor, dr. philos Magne Skodvin

I

I tida april—juni 1940 prøvde tyske stridskrefter over grensene til i alt seks andre vest-européiske statar. Tyskland var alt i krig med Frankrike frå før. I dei fem andre tilfelle — Danmark, Norge, Nederland, Belgia og Luxembourg — hevdar dei tyske styremakten at invasjonen var eit forsvarstiltak og skjedde til vern for vedkomande land.

Motstanden varierte frå det rein symbolske eller uunngåelige — som i Luxembourg og Danmark — til store feltslag i fullt verdenskrigsformat. Lengst varde felttoget 1940 i Norge, der lende og kommunikasjon gav norske og allierte styrkar betre vilkår enn på kontinentet. Men troppestyrkane her i landet var relativt små, jamfört med vestfronten.

Ingen av dei seks kunne hevda seg militært mot den tyske overmakta. Alle måtte etter kvart gje opp striden i sjølve moderlandet, som deretter i ulikt tempo og på skiftande måte kom under tysk okkupasjon. Alle seks hadde også ressurser utanfor det européiske fastlandet, og alle heldt fram med krigføringa, under leding av nasjonale styringsorga. — i fleire tilfelle var det dei lovlege statsoverhovud og regjeringsar som hadde greidd å koma ut, og heldt fram med krigen.

Ved det tidspunkt då den militære motstanden i moderlandet braut saman, vart det ofte gjort ei eller anna form for avtale med tyske instansar, om korleis avvæpning, demobilisering og liknande skulle skje. Til dels inneholdt slike avtalar dessutan meir omfattande føresegner. Den tysk-norske avtalen i Trondheim 10. juni 1940 er ein av desse avtalane. Før vi ser nærmare på den, kan det vera grunn til å ta for seg dei andre, den norske situasjonen er her, som så ofte elles, ein variant av eit meir allment problem.

På en almeneeuropéisk bakgrunn må man uten videre slå fast at dersom man etterlyser de minst eftergivende og mest kompromissfrie holdninger overfor invasjonsmakten i 1940, så vil man som regel finne at den norske statsledelse har plassert seg på den kanten, skriver professor, dr. philos. Magne Skodvin i denne artikkelen.

India. Det var også nederlandske flystyrkar utanfor sjølve Nederland. I ein kringkastingstale til det nederlandske folk hadde Winckelmann sagt at kongeriket Nederland levde vidare, endå om sjølve moderlandet skulle bli okkupert av fienden. I ein proklamasjon fra London kunngjorde dronning Wilhelmina at regjeringa hadde teke opphold i England, og at den suverene nederlandske stat ikkje kom til å kapitulera. Utanriksminister van Kleffens sa i ein radiotale 15. mai at verken regjering eller nasjon hadde kapitulert, og at Nederland framleis var i krig med Tyskland. Dronning Wilhelmina understreka dette på ny i ein tale 24. mai. Kapitulasjonen var rein militær. Krigstilstanden mellom Nederland og Tyskland varde framleis, og regjeringa ville føra krigen vidare med all mogleg kraft frå sitt nye regjeringssete i London.

Belgia kunne halda ut lengre, og hadde meir direkte samarbeid med allierte avdelingar som kom frå Frankrike. Men mot slutten av mai syntest det tydeleg at vidare militær motstand var nyttlaus i sjølve Belgia. Kong Leopold bad om å få opplyst dei tyske våpenstillstands-vilkår. Dette gjorde han i strid med

av som statsminister. Pétain avloyste han, og tok inn i kabinettet alle dei som hadde gått mot Reynaud, men ingen frå det fleirtalet som hadde tala mot våpenstillstand. Dagen etter tok Pétain initiativet til forhandlingar med tyskarane — og de Gaulle tala i radio frå London: Frankrike har tapt eit slag, men ikkje ein krig. Vichy-regimet hadde debutert i Frankrike, motstanden heldt fram frå England.

Fem alternativ

Alle desse ulike måtane å ordna seg på, kunne vera tenkjelege her i landet og. Dei kan kort skisserast slik:

1. Riksstyret kunne avstått frå militær motstand, blitt verandre i landet og prøvt å få så gode vilkår som mogleg. Dette vart gjort i Danmark, og den same ordninga ynskte tyskarane her i landet. Regjeringa avviste det.

2. Riksstyret kunne avstått frå militær motstand, men valt ei politisk motstandslinje, ved å reisa til utlandet straks og etablira seg der. Dette vart gjort i Luxembourg. Den norske regjering hadde dette alternativet tydeleg framfor seg den 9. april om kvelden, men valde eit anna.

3. Riksstyret kunne ha ført krig i sjølve moderlandet så lenge det var mogleg, men bedt om våpenstillstand eller andre tyske vilkår når det militære nederlaget var eit faktum. Dette vart gjort i Frankrike. Den norske regjering mottok framlegg om ei slik ordning den 4. juni, men avviste det.

4. Det var tenkjeleg at påkjenningsane kunne føra til store indre konfliktar, slik at det ikkje lukkast å forma ein samlande politikk lengre. I Belgia skjedde dette på så dramatisk vis at det førde til gjennomgripande konstitusjonell krise. I Frankrike førde det til djup og

Danmark

Stiftelsen Norsk Okkupasjonsmuseum
ein særstilling. Det var ikkje realistisk å tenkja seg eit dansk eksistensforsvar mot tysk invasjon. Dansk forsvars- og utanrikspolitikk hadde ikkje innstilt seg på det heller. Elleve danske soldatar fall i Sonderjylland. Men stridshandlin gane tok slutt om morgonen den 9. april etter ordre frå konge og regjering. I ministerprotokollen heiter det: «Omkring klokken 6 avsluttedes rádsnámingen med at Kongen gav tilslutning til den oppfattelse, at kampen burde inndstilles. Der blev givet den tyske gesandt meddelelse om beslutningen, og der udsendtes derpå ordre til de danske tropper om ikke længere at yde modstand».

Den 10. mai kom turen til Nederland, Belgia og Luxembourg. For Luxembourg var det sjølv sagt ingen ting å gjera militært. Men regenter, storhertuginne Charlotte, kom velberga til Frankrike saman med si regjering, tok seinare sete i Canada, og vende heim att etter at landet var frigjort. Et avdeling av luxembourgarar gjorde teneste under Montgomery.

Nederland og Belgia

Nederland forde sitt hovudforsvar på den indre forsvarslna («vesting Holland»). Den 14. mai var det klart at også denne stod for fall. Same dagen vart byen Rotterdam bombardert frå lufta. Over 25 000 menneske miste liv-t.

Regenter, dronning Wilhelmina hadde reist til London dagen før, og på kapitulasjonsdagen, den 14., fylgte regjeringa etter. Om morgonen den 15. mai underskrev general Winkelmann ein avtale om militær kapitulasjon. Ein par timer før dette hadde den nederlandske flåten fått ordre om å gå til Storbritannia. Den største delen av flåten var for resten i Nederlandsk

den belgiske regjerings råd, og herligg eit av dei viktigaste utgangs-
punktene i 2014 lange konflikten omtrent kongens person. Tyskarane svara med eit krav om kapitulasjon utan vilkår. Kongen godtok det. Statsminister Pierlot reiste til Frankrike saman med regjeringa, og kunngjorde frå Paris at han sag kongens kapitulasjon som brot på konstitusjonen, og ugyldig. Den belgiske regjering kom seinare, etter mange tvilsål, til London og tok sete der. Belgiske styrkar av alle våpengreiner, førte kriga vidare på alliert side. I ein kort artikkel kan det sjølv sagt ikkje vera tale om å gå nærmare inn på den belgiske kongestriden. At militær kapitulasjon syntes tvingande nødvendig, og at kongen etter evne oppfylte sine militære plikter mot dei allierte, er vel så mindre omstridt. Men den konstitusjonelle konflikten fekk «det aller største konsekvensar, heilt fram til Leopolds abdikasjon i 1951.

Frankrike

I Frankrike høyren og våpenstillstanden til dei mest omstridde spørsmål i nyare fransk historie. Tanken på våpenstillstand var framme alt 25. mai, i «comité de guerre», men berre i vage vendin gar, og det finst ingen sikre referat. Den 29. mai tok statsminister Reynaud for alvor opp tanken om å flytta regjeringssetet til fransk Nord-Afrika, og føra kriga vidare derifrå. Flåte- og flystyrkar kunne i så fall overførast dit, likeins avdelingar av hæren, dersom transporten kunne organisert. Om dette utvikla det seg ein alvorleg strid mellom statsministeren og general Weygand, som nå hadde overtakke overkommandoen. Hovudstyrken av hæren måtte nemleg i alle fall bli att i Frankrike og kapitulera. For Weygand stod dette i strid med den militære æreskode. Han ville ikkje «dekkja sine faner med denne skam». Tankegangen var at politikarane måtte ta ansvaret for kapitulasjonen. Han brukte sterke ord om dette, og dei må vel tolkast slik at han ville nekta å lystra ordre, dersom regjeringa valde Reynauds politikk. Statsminister Reynaud ynskte altså ein framgangsmåte omlag som den nederlandske. Frankrike som stat skulle føra striden vidare. General Weygand ville derimot at den franske stat skulle inndepta forhandlingar. Striden kulminerte i samband med regjermotet 16. juni, då det måtte avgjera om Frankrike skulle be om våpenstillstand. Det vart ikkje votert formelt, men droftingane er gjennomanalyser av mange forskarar. Det er ingen tvil om at det var klårt fleirtal mot våpenstillstand i den franske regjering. Likevel var situasjonen nå så vanskeleg for Reynaud, ikkje minst på grunn av striden med overkommandoen, altså med Weygand, at han gjekk

varig kloving. Her i landet lukkast det å meistra slike vanskar. Konge og regjering stod samla om den politikk som dei under uvanelege påkjenninger, og i oksepsjonelt vanskeleg valsituasjonar, kom fram til i samråd.

5. Riksstyret kunne føra krig i moderlandet så lenge som mogleg, og deretter halda fram med kriga utenfrå med dei ressursar som var tilgjengelege. Dette er den politikken Reynaud ikkje makta å gjennomføra i Frankrike. Den vart sett ut i livet i Nederland og i Norge.

På denne allmenneuropéiske bakgrunnen må ein utan vidare slå dette spørsmålet.

fast at dersom ein etterlyser dei minst etterlevande og mest kompromissfrie holdningar overfor invasionsmakta i 1940, så vil ein som regel finna at den norske riksstyring har plassert seg på den kanten.

Men det har også vore hevd at denne motstandspolitikken skulle ha slutta brått ved evakueringa frå Nord-Norge, at Norge kapitulerde politisk og militært ved avtalen 10. juni 1940, i Trondheim.

I neste artikkel skal eg ta opp dette spørsmålet.